Reguleringsplan for naustområde Pøyla - Gnr. 110 bnr. 329 m.fl. Alvsvåg i Bømlo kommune - PlanID 201705

Planleggjar Planlegg Bømlo AS sine kommentarar til innkomne merknadar etter 1.gongs høyring i 2018

(i alfabetisk rekkjefølge)

1. **Alvsvåg Gardslag:**
   Det er aukande trafikk på Alvsvåg vegen, og da er viktig å tenke på mjuke trafikanter. Me ønsker da i ein slik plan blir teken spesielt hensyn til mjuke trafikanter som går til skule og andre aktiviteter i dette området. Da bør derfor settes av område til gong og sykkelsti i denne planen, helst også lages.
   PK: Trafikksituasjonen langs Alvsvågsvegen er ein kjent problemstilling, noko som også vart diskutert i oppstartsmøtet med Bømlo kommune. Det vert gått ut frå at fleirtalet av brukarar av dei nye nausta er lokale, og at det vert lite trafikkauke då mange har gangavstand frå eigen bustad. I tillegg til dette er trafikk til naust oftast ettermiddags- og kveldstid, og dette vil i liten grad samsvara med skuletid og mjuke trafikantar som går til skuleskyss ved Alvsvågs-krysset. Naustområdet ligg på nedsida av kommunal veg, denne er i området oversiktleg og er utstyrt med fartshumpar. Det er ikkje same krav til opparbeiding av gang/sykkelveg i naustplanar som i til dømes regulerings-planar til bustadføremål. Det er vurdert at Alvsvågsvegen på denne strekka kan tole trafikkauken som vert generert ved 13 nye naust.

2. **Bergen Sjøfartsmuseum:**
   Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Pøyla i Bømlo kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.
   Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjø-områda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjø-botnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt fri-gjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne. PK: Forhold til kulturminne i sjø er sikra i planføresegnene.

3. **Fiskarlaget Vest:**
   Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særlig i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekst-område. Eksempel på konflikt-område er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfor/ feces/ lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flyte-bryggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemd i sjø, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske). I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, men og elles. Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene. «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk. Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i plan-/reguleringsprosessar. Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser. Ein må og ha med seg at framtidige generasjonar og må kunne få tilgang til kystsona.

Pøyla: Det blir her lagt ut privat detaljreguleringsplan for naustområde. Det er ingen eksisterande bygningar i området. Det finnes 5 flytebrygger i planområdet, og ein gammal betongkai. Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det ikkje er registrert fiskeriinteresser i/ved reguleringsområdet. Fiskarlaget Vest vil vise til at det finst to viktige publiseringar kring temaet småbåthamner. Den eine er NGI-rapport "Kartlegging av forurensing i utvalgte småbåthavner i Norge" (TA2751/2010) og CIENS-rapport: 2-2011" Helhetlig planlegging og utvikling av miljøvennlige småbåthavner. Kunnskapsstatus" gjev ei rekkje råd om korleis negativ miljøpåverknad frå småbåthamner kan avgrensast.

Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt formiljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat. Ein forutset og at forureining frå området blir avgrensa mest mogeleg.

Ein har elles ikkje merknader til saka

PK: Det er ikkje kartfesta fiskeriinteresser i planområdet. Flytebrygger og fortøyingar er planlagt innanfor planområdet. Det er lagt inn i føresegner at tiltak i sjø som fell inn under hamne- og farvasslova skal godkjennast av hamnemynde. Tiltak som kaiar, flytebrygger, utfyllingar, sjøleidningar mm. krev løyve frå hamne-mynde i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, jf. Hamne og farvasslova § 14. Det er også lagt føringar for at det skal nyttast reine massar ved utbygging i sjø, og behov for avbøtande tiltak skal vurderast. I plan-området legg ein opp til å leggje ut eit avgrensa tal flytebryggjer (småbåtanlegg) og ikkje småbåthamn. Publiseringar som det er vist til for utforming av småbåthamner er ikkje relevant for dette naustområdet.

4. **Fiskeridirektoratet region Vest:**

   Vi har ingen merknadar til offentleg høyring av privat detaljreguleringsplan for naustområde Pøyla, men legg ved eit notat med gode råd om utforming av småbåthamner for å hindre negativ miljøpåverknad.

   PK: Det er ikkje kartfesta fiskeriinteresser i planområdet. Flytebrygger og fortøyingar er planlagt innanfor planområdet. I planområdet legg ein opp til å leggje ut eit avgrensa tal flytebryggjer (småbåtanlegg) og ikkje småbåthamn. Publiseringar som det er vist til for utforming av småbåthamner er ikkje relevant for dette naustområdet.

5. **Folkehelsekoordinator /barnas representant (Bømlo kommune):**

   a. Det står i planomtalen s. 18 under pk. 7.2.2 Trafikkareal/veg at gang og sykkelsti har vært vurdert, men at det på grunn av at det er bebygd på begge sider av vegen er det vanskeleg å få dette til utan omfattande tiltak. Tiltak må evt. gjerast i ein heilskap. Ein er samd i at det er krevjande med tiltak i langs tilkomstveg i planområde, og det vil det vere i alle område det er bygd frå før. Ber likevel om at det vert vurdert på nytt, fortau kan og vere ei løysing.

      PK: Naustutbygginga skjer på nedsida av kommunal veg, Alvsvågsvegen, noko som fortsatt gjer det mogeleg å utvida vegen og etablere ev. fortau på oppsida av vegen i framtida. Dette tilhøvet vart diskutert i oppstartsmøte der Folkehelsekoordinator/ barnas representant var til stades. Slik planleggjar ser det, er opparbeiding av fortau/utviding av kommunal veg ikkje ei oppgåve som private naustutbyggjarar skal stå for, og utbygginga vil ikkje verta til hinder for slikt i framtida.

   b. Ber om at det vert vurdert felles båtanlegg i staden for flytebrygge til kvart naust. Felles anlegg framstår mindre privatiserande enn kvar sin «private» flytebrygge sjølv om det er omtalt s. 6 i kommunen sitt saksførelegg at tradisjonen er å byggja naust med tilhøyrande brygge/flytebrygge.

      PK: Det er i planarbeidet vurdert å byggja felles båtanlegg i staden for flytebrygge til

kvart naust. Her har ein basert på lokal tradisjon valt å halda på flytebryggeløysing, men også lagt opp til at nausta vert bygde parvis, slik at ein kan dela flytebrygge. Slik avgrensar ein talet flytebrygger, samstundes som ein held på lokal tradisjon.

6. **Fylkesmannen i Hordaland:**
   a. Fylkesmannen meiner utbygginga, slik den er vist er for omfattande og at strandsoneomsyna ikkje er tilstrekkeleg tekne vare på i planen. Fylkesmannen vil ikkje motsetje seg at ein om mogeleg søkjer å få til det ønska talet på naust, men det vil då vere naudsynt først å kartlegge strandsona i planområdet meir detaljert og deretter regulere dei delane av området i mellom nausta som ikkje skal byggjast ut, til grøntareal. Det bør gjerast for å redusere dei visuelle verknadane av utbygginga og opne opp for allmenn ferdsle og opphald internt i området. I tillegg meiner Fylkesmannen at nausta då må trekkast bakover mot vegen, for ved det å unngå unødig utfylling, kaifrontar og uheldige landskapsverknader.

   PK: Strandsona i planområdet er godt kartlagt, og planskisse vedlagt saka viser korleis utbygging er tenkt. Dette vil gje gruppevis utbygging av naust, som igjen gir gode opningar mellom naustgruppene, slik at ålmenta har god tilgong. I tillegg er det i føresegnene lagt inn at det er forbode med stengsler, og at ålmenta skal kunna ferdast langs bryggjer og naust. Planleggjar ser at plankartet isolert sett kan lesast som at det skal byggjast ut større område innan planområdet, med det er framleis berre eit begrensa tal naust med maksimalt 40m^2 storleik som kan byggjast (føresegnene fastset kvar), og det vert dermed meir natur og strandsone enn utbygd naust totalt i strandsona i området. I planomtalen er dette omtala i avsnitt for Strandsone. I revidert plankart er naustområda detaljert og konsentrert til 6 område der to og to naust er samla. Resterande areal er synt som blå/grøn struktur. Utbyggingsføremåla er konsentrert, og tal naust er oppretthalde. Når det gjeld plassering av naust, ser ein det ut frå ei heilskapleg vurdering av terreng, utbyggingsomsyn og djupneforhald i sjø det best å byggja naust på den tradisjonelle måten, ved sjøkanten. Det er halde fleire dialogmøte basert på fleire planforslag. For informasjon om kva som er endra sidan sist dialogmøte i 2021 viser vi til notat datert 09.04.2025. Statsforvaltar trekte si motsegn til planen 22.04.2025 basert på plankart og føresegner datert 11.03.2025.

   b. Fylkesmannen kan vidare ikkje sjå at det er naudsynt med småbåthamn/ båtanlegg framfor nausta. Det vil auke dei negative landskapsverknadane og virke privatiserande for annan bruk av området. Naustområde skal generelt stå fram som utmark, der folk normalt skal kunne ferdast og opphalde seg mellom og framom bygningane. Eventuelle brygger som er naudsynte for tilkomst til området må difor samlokaliserast i eit par mindre fellesanlegg, kvar for seg til dømes på inntil 15 m2, lokalisert slik i området at dei i minst mogeleg grad påverkar dei allmenne verdiane negativt.

   PK: Naust og tilgang til sjø er ein sentral verdi for folk som bur langs kysten, og det er særs lange tradisjonar for naustbygging og naustbruk i Bømlo, både fiskeri som leveveg, men også som fritidssyssel. Eiga brygge er ein del av den tradisjonen, og planen legg opp ei felles utbygging der ein byggjer naust parvis, slik at ein også kan leggje ut felles flytebrygge der kvar oppsitjar kan ha sin båt på kvar si side av flytebrygga. Slik avgrensar ein talet flytebrygger, samstundes som ein tek i vare lokal tradisjon. Dette er det opna opp for i gjeldande kommuneplan, og planleggjar forstår synspunktet til Fylkesmannen/Statsforvaltar, men meiner dette høyrer heime i ein ny revisjon av kommuneplanen og at ein må ta slike store endringar i ein større prosess heller enn å gjere det i enkeltsaker. Gjeldande regelverk i kommuneplanen er brukt i planføresegnene når det gjeld flytebrygger, og ein ønskjer å halda på dette.

Det er halde fleire dialogmøte basert på fleire planforslag. For informasjon om kva som er

endra sidan sist dialogmøte i 2021 viser vi til notat datert 09.04.2025. Statsforvaltar trekte si motsegn til planen 22.04.2025 basert på plankart og føresegner datert 11.03.2025.

7. Hordaland fylkeskommune:

a. Ein har redusert antal naust frå 15 til 13 etter innspel til oppstart. Dette, saman med intensjon om å samle fleire av nausta i klynger for å konsentrera bebyggelse og lage fleire opningar, er positivt. Likevel vurderer fylkeskommunen at ei kunne ha konsentrert nausta i større grad. I planomtalen står det følgande: *«Strandsona vil nokre stadar verta tilgjengeleg for fleire ettersom det vert laga stiar og vegar til bygga, mens der det vert bygd bygningar vil strandsona verta mindre tilgjengeleg og meir privatisert.»* I oppstartsvarselet ba vi om at planen syner korleis det vert sikra god tilgjenge til strandsona og friluftslivet. Planen som ligg føre sikrar ikkje dette i stor nok grad, når ein legg opp til at deler av strandsona vert mindre tilgjengeleg og meir privatisert på denne måten.

   Planen legg opp til å byggje ned 37% av strandlinja, basert på tala 13 stk naust med 5,5 meter breidde, med ei strandlinje på totalt 190 meter. Men når nausta er såpass lite konsentrert - 7 naust er enkeltståande, 6 naust står saman i par – då byggjer ein i røynda ned meir av strandsona og privatiserer meir enn ein må. Dette er uheldig.
   Planomtalen skriv at ein ønsker å opna opp mellom grupper av bygg for å gjere området meir tilgjengeleg for ålmenta, med mål om at tilgjenge til sjølinja for ålmenta skal bli delvis oppretthalde, delvis forbetra i høve til dagens situasjon. For å oppnå dette bør nausta konsentrerast ytterlegare, samt reduserast ytterlegare i tal.
   PK: Nausta er regulert i samsvar med føremål i gjeldande kommuneplan. I gjeldande kommuneplan for Bømlo er dette området lagt inn som noverande andre typer bebyggelse og anlegg, naust, der ein kan leggja til rette for bygging av naust. Føresegn til kommuneplan § 3.5.6 seier at for arbeid og tiltak i nye og eksisterande naustområde, samt frådeling til slike føremål, følgjer byggjegrensa langs sjø føremålsgrensa for naust-område. Det er lagt inn byggegrense i føremålsgrensa for naust mot sjø. Dette er og sikra i føresegner § 2.8 og i plankart. Det er sikra i føresegner at det ikkje er tillate å føre opp stengsel som vanskeleg gjer allmenn ferdsel i desse områda (jf. § 2.7 strand-sona).
   Planleggjar er enig i at nausta kunne ha vore meir grupperte, og har difor revidert vedlagte planskisse i tråd med dette. I planforslaget er det 6 naustområde der to og to naust er samla. Mellom naustføremåla er det regulert grønstrukur. Det er eksisterande offentlege VA-leidningar sør i planområdet og her er det vanskeleg å samle nausta meir enn i planforslaget. Når det gjeld tal på naust meiner planleggjar at utbygginga er høveleg redusert til eit tolbart omfang. Dette har også vore tema for dialogmøte med tidlegare Fylkesmannen i Hordaland, og i samsvar med planforslaget som Statsforvaltaren i Vestland i 2025 trekte si motsegn til.

b. Fylkeskommunen vil likevel minne om at utbygging av fritidsbustader og naust privatiserer og stykkar opp strandsona, og ei felles småbåthamn kan i mange tilfelle vere eit mindre arealkrevjande og betre alternativ enn at alle båteigarar skal få eige naust.
   PK: Planleggjar har omtala dette i pkt 6b ovanfor.

c. Arkitektur og estetikk
   For å unngå for mange like einingar bør bygningane varierast i form, farge og materialbruk. Retningslinene frå *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger* seier noko om dette:

   2.42 Nye naust bør oppførast som separate einingar med variasjon i breidde og mønehøgd. Naustbygg skal vere 40 kvm, maks 1 etasje, maks mønehøgd 5,0 m over lågaste terreng under bygget. Naust skal ha ei utforming som samsvarar med bruken. Større takutstikk, takvindauge, terrassar og balkongar er ikkje i samsvar med bruken. Andre utformingar av naust kan vurderast gjennom detaljplanlegging

dersom naustet er fellesnaust, eller at det ligg føre gode arkitektoniske og landskapsmessige løysingar.

PK: Planleggjar er oppteken av gode arkitektoniske og estetiske løysingar på utforming av nausta. Samstundes er ein noko «låst» i kommuneplanen sine reglar for slik utforming, og planleggjar har halde seg til desse reglane i utforminga av planførsegnene. Ein ønskjer ikkje å gå lengre enn kommuneplanen i å bestemma utforming, og legg dermed opp til at godt fagleg skjønn frå sakshandsamarar i Bømlo kommune vil passa på at nausta ikkje vert for einsformige og samstundes får estetisk god utsjånad.

PK: Tidlegare Fylkesmannen i Vestland har motsegn til planforslaget og desse er knytt til mange av dei same forholda som Fylkeskommunen har fagleg råd til. For å prøva å imøtekome motsegn er planforslaget revidert etter at det var lagt ut til 1.gangs offentleg høyring. Statsforvaltar trekte si motsegn til planen 22.04.2025.

8. **Karmsund havn:**
   Ingen merknader til detaljreguleringsplanen.

9. **NVE:**
   Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har gitt generell uttale til saka som nasjonal sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE prioriterer å gi uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. I denne saka er det ikkje bede om slik hjelp. NVE gjev difor ikkje konkret fråsegn i denne saka. NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt tilstrekkelig omsyn til flaum- og skredfare i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar, slik at ny utbygging blir tilstrekkeleg sikker. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka. Dersom det likevel er trong for NVE si hjelp i saka kan NVE Region Vest kontaktast med ein konkret førespurnad.

   PK: Det er gjennomført ROS-analyse som del av plansaka der forhold til naturfarane flaum, stormflo, områdestabilitet er vurdert. Det er ikkje registrert fare- eller aktsemdsområder for ras eller skred i NVE Atlas. Fare for skade grunna stormflo er sikra med føresegner om minimum kotehøgde overgang golv for nausta (+2). Planområdet er omfatta av aktsemdssone for flaum, men Alvsvågvatnet ligg lågare enn Alvsvågvegen som ligg på fjell og dannar barriere for flaumhendingar. Det er ei stikkrenne for overløp frå vatnet som går under køyrevegen. Denne er sikra at skal takst omsyn til ved utbygging i føresegnene. Planområdet ligg til sjø og under marin grense, og det er regulert for naust. Areala for utbygging er ikkje del av aktsemdssone for kvikkeleire og det er grunlendte forhold og fjell i dagen på store deler av planområdet. Risiko for skred i sjø er vurdert til å vera avgrensa/ikkje tilstade grunna det er langgrunt i sjø og det er lite laus massar både på land og i sjø. Føresegnene gir at det i samband med utarbeiding av byggeplanar, kvalitets-/hms-planar skal gjennomførast ei meir detaljert risikovurdering i forkant av anleggsarbeid, for å unngå eventuell fare for grunn-brot, utgliding av lausmassar, skade på leidningsnett og sikringstiltak før gåande/køyrande gjennom anleggsområdet. Dokumentasjon på at dette er fullført skal leggjast ved byggemeldingar i samband med søknad om tiltak innanfor planområdet.

10. **Statens Vegvesen:**
    Ingen merknader til detaljreguleringsplanen.